



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2017-2018

SKULE: ___GRASDAL SKULE ___

Prosess for arbeid med årsplan:

Rektor involverer SFO-leiar, tillitsvalt og plangruppene for arbeid med årsplan

Frist for levering av årsplan: **1. juli**

Nøkkeltal - Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) 2017-2018		
	Tal	Ev. kommentar
Elevtal skule	156	
Elevtal SFO	60	
Tal lærarar	17	
Årsverk ped. Personale	15,4	
Assistentar, årsverk	1,9	
Årstimar utført av undervisningspersonale	11386	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	7722	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	1112	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	150 %	30% sekretær

Skulebasert vurdering	
<i>Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket for kunnskapsløftet. Vurderinga inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa.</i>	
Omgrepet «skulebasert vurdering» Er omgrepet godt kjent i organisasjonen?	Plangruppa meiner at vi er på veg, - etter at rektor har tydeleggjort at det er det vi driv med for eks ved gjennomgang av elevundersøkinga.
Jamleg gjennomføring Når vert skulebasert vurdering gjennomført på skulen? <i>(I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg. Tidsbruk må likevel blir vurdert opp mot det forsvarlege).</i>	Årshjul viser frekvens Gjennomført i team, plangruppe, i lærarmøte og pedagogisk team, i elevråd og SU Elevundersøking i november – vurdering i personalet i februar/mars og i Elevråd og SU i april/mai. Læringsresultat: vurdert NP5.trinn i

	<p>desember/januar</p> <p>Kartleggingsprøvar 1.-3.trinn i mars , vurdering i team og i pedagogisk team med PPT i april/mai . Tema på trinnmøte på planleggingsdag i august.</p>
<p>Kunnskapsgrunnlag for val av tema Kva for eit kunnskapsgrunnlag er brukt?</p> <p><i>(Kunnskapsgrunnlaget skal gi skulen eit grunnlag for å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skulen sine elevar har nådd måla i læreplanverket)</i></p>	<p>Trygt og godt skulemiljø §9a</p> <p>Informasjonsplikt Opplæringslova</p> <p>Handlingsplan for skulane i Meland</p> <p>Elevundersøkinga 5.-7.trinn</p> <p>Læringsresultat – nasjonale prøvar 5.trinn</p> <p>Kartleggingsprøvar 1.-3.trinn</p> <p>Andre kartleggingsprøvar og årsprøvar i fag registrert i Vokal, læringsstøttande prøvar Vurdering for læring (Opplæringslova og forskrift)</p> <p>Ståstadsanalyse</p> <p>Bruk av dialogspel med ulike tema</p> <p>Pedagogisk team med PPT m.a observasjon av kontekst i klasserommet med ulike lærarar, for enkeltelev</p> <p>Arbeid med sosial kompetanse i skulen og livsmestring - Zippy programmet 1-4 og Psykologisk førstehjelpsskrin 5 – 7</p>
<p>Val av tema Kva for eit tema er valt skuleåret 2017- 2018?</p>	<p>Realfagssatsing: Utforsking og undring, lokale nettverk med Marthahaugen barnehage</p> <p>Lesing og skriving i alle fag – Leselos og kommunal Leseplan</p> <p>Elevundersøkinga: Elevmedverknad , Mobbing/ generell trivsel, klasseromsdialog, anerkjennande kommunikasjon</p> <p>Lærarane sin vurderingspraksis</p>
<p>Vurdering av endringar Har skulen (i sin vurdering) identifisert kva for nokre endringar som best kan auke oppnådde mål for elevane innanfor det skule har valt å sjå på i vurderinga?</p> <p>Har skulen vurdert endringar som heilskap på systemnivå (sjølv om konsekvens av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg i enkelte klasser eller enkelte fag?)</p>	<p>Vi har identifisert at klassemøter er viktige og har prøvd ut å ha klassemøte fast på timeplanen for å sikre medverknad frå elevane.</p> <p>Vi ser at arbeidet med aktivitetsplikt etter §9a og skriving av tiltaksplaner og evaluering av tiltaksplaner gjer oss meir bevisst på konkrete og varierte arbeidsmåtar med læringsmiljøet, og har skapt positiv endring.</p> <p>Arbeid med kva for spørsmål vi stiller i klasserommet for å betre klasseromsdialog har vore bevisstgjeringe og fleire lærarar</p>

	<p>brukar metodar for læringspar, læringsvenn, strukturert gruppearbeid, konkrete samarbeidsoppgåver</p> <p>Erfaringsdeling og fokus på utforsking og endring i realfag, har ført til endring og vi ser at fleire lærarar brukar arbeidsmetodane i klasserommet. Vi har skapt endring med å organisere ei heil veke med realfag i juni i samarbeid med barnehagen .Det har vore motiverande og lærerikt for både tilsette og elevar.</p> <p>Plangruppa: Dei tilsette på skulen opplever at vi har mista ein viktig samarbeidsplattform etter opning av Visma for føresette. Vi har lagt fokus på framovermeldingar, og korleis formulere desse, og opplever at i tida rundt utviklingssamtalar rekk vi ikkje å planlegge undervisning godt nok. Personalet opplever ikkje at denne endringa er til det positive for elevane.</p>
<p>Oppfølging av endringar Korleis følgjer skulen opp endringar?</p>	<p>Fortsette gode tiltak – momentum – holde fokuset</p> <p>Bruke personalmøte og team og planlegge i årshjul</p> <p>Plangruppa må holde fokuset og evaluere undervegs</p> <p>Realfagsnettverk</p>
<p>Medverknad Korleis har skulen sikra ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering?</p> <p><i>Er alle involverte parter på skulen involvert i analysen og arbeid med endringar?</i></p>	<p>Nokre tema har vore viktig på planleggingsdagane, lærarmøter og sfo-møter er viktige arena for medverknad. FAU og elevråd får saker til informasjon og med ønske om uttale og deltaking. Det gjeld særleg i analyse av Elevundersøking og trivsel i læringsmiljøet.</p> <p>Team og plangruppe reflekterer og deltek i planlegging og prioritering av årshjul for lærarmøter og planleggingsdagar</p> <p>Vi har i for liten grad sikra at assistentar og sfo-leiar vert involvert i analysen og med arbeid med endringar. Vi har fast samarbeidstid med lærarar, og rektor og inspektør har delteke på sfo-møter, men dette må bli betre. Det er knapt med tid i arbeidsplanane deira.</p>

Læringsmiljø

Tema

Elevundersøkinga
(Udir)**Mål:** Null mobbing, auka trivsel og meistring generelt, større medverknad.

Tiltak: Gjennomført Elevundersøkinga i november med 5.-7.trinn. Klassemøter, fellessamlinger og fellesaktivitetar for alle fleire elevrådsmøter
To lærarar saman om TL
ekstra elev-vakter (tett oppfølging av enkeltelevar) i friminutt for å sikre trygt miljø
ekstra vaksentettleik i periodar i klasser med uro og enkeltelevar som treng tilpasning
vektlagt uteskule kvar veke for 1-3 trinn og
prosjekt *Aktiv læring ute* etter påske (mindre grupper av elevar 3-4 , som i ein periode kvar måndag lærte, leika og opplevde meistring og samhandling ute)
10 konkrete tiltaksplaner for Trygt og godt miljø

Resultat:

	Grasdal skule (Høst 2017)
Trivsel	4,2
Støtte fra lærer	4,5
Støtte hjemmefra	4,1
Vurdering for læring	3,8
Læringskultur	4
Mestring	3,8
Motivasjon	3,9
Elevdemokrati og medvirkning	3,8
Felles regler	4,3
Mobbet av andre elevar på skolen	4,4
Fysisk læringsmiljø	3,8
Innsats	4,2

Vi har vurdert resultat frå Elevundersøkinga i lærargruppa, elevrådet, SU og FAU.

Elevrådet: Dei er overraska over at nokon kjenner seg einsame på skulen. Det kan vera dårleg skår på fysisk læringsmiljø pga at det ikkje var så bra før utbygging og ombygging var ferdig i november. Dei svara på undersøkinga i november. Det er litt vanskelege spørsmål og vanskelege ord. Det har vore mange vikarer, og det kan vera grunnen til at det er litt dårleg svar på «vaksne på skolen reagerer på same måte». Elevar opplever at det er utbreidd i nokre klassar med stygg ordbruk til og om kvarandre, og at dei gjer narr. Då kan ein vera redd for å gjera feil.

Lærarane:

Trivsel er «god» men målsetjinga må vera at vi oppnår «svært god». Det er høg skår på « støtte frå lærarane» og at dei gir god oppfølging. Det er nokre elevar som har opplevd *en sjeldan gang å bli mobbet av*

	<p><i>vaksne</i>. Motivasjonen er bra, men vi bør auke den i fleire fag. PC-bruk i opplæringa er for låg skår.</p> <p>Vi ser tydelege forskjellar på trinn, og det er lågast trivsel og generelt skår på 7.trinn. Det er dei resultatata som er tilgjengelege i skoleporten. Motivasjon og trivsel har vore svært varierende i den gruppa, - det er kjent for dei tilsette.</p> <p>FAU: Skulen må undersøke nøyre kva som ligg bak at elevar har opplevd mobbing frå vaksne. Vi må saman styrke trivsel ved skulen. Det er viktig å fokusere på at nokon føler seg utanfor og einsame. Foreldre meiner skulen skårar svært lågt på bruk av digitale hjelpemiddel. Det er altfor mange spørsmål å svare på, og det er ikkje rart at elevane blir lei. Det er viktig å ha tema om digital mobbing på foreldremøter.</p> <p>Vurdering:</p> <p>Rektor satte inn tiltak for å betre skulemiljøet i vinter og vår. (sjå tiltaksliste) Rektor har avdekkja sak som sannsynlegvis ligg i resultatet om opplevd mobbing frå vaksne. SU meiner det er svært bra at ein allereide har satt inn tiltak. SU meiner vi skal fortsette å ha fokus på medverknad, og kva som kan gi betre meistring og generell trivsel. Skulen har bestilt inn 10 nye elevmaskinar for skuleåret 2018-2019, og skal sette fokus på digitale læremidlar og kompetanse i personalet. Vi vurderer å ha færre spørsmål, - kun obligatoriske spørsmål. Vi vurderer å ha to gjennomføringar i året, for at elevane skal bli kjent med spørsmål, og for å følgje opp endringar og tiltak.</p>
Oppfølging av elevane sitt læringsmiljø etter kap. 9a i Opplæringslova	<p>Kommentar: Vi har hatt 10 tiltaksplanar skuleåret 2017-2018 4 på 1.klassetrinn, 3 på 3.-4.trinn og 3 på 5.-7.trinn.</p> <p>Evaluering viser at vi har hatt god utvikling og effekt av tiltak som er satt i verk. Det har mellom anna vore vennegrupper, elevsamtaler, psykologisk førstehjelpsskrin i klassegruppa, avtaler om adferd og avgrensing av område å ferdast på i periodar.</p>

Faglege resultat	
Tema	
Nasjonale prøvar	<p>Mål: Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015</p> <p>Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing</p> <p>Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i rekning</p> <p>Tiltak: Arbeide aktivt med kommunal leseplan og Leselos som rammeverktøy, lesing i alle fag. Deltaking i Lesekonkurransar på fleire trinn. Bruke mulighet i alle fag til å arbeide med grunnleggjande ferdigheit i lesing og rekning, og analysere i lærargruppa kva faglærarar i for eks musikk, kroppsøving, naturfag og kunst og handverk kan medverke til betre læring og øving. Bruke ressursar frå</p>

	<p>fleire andre læreverker enn dei skulen har. Bruke ny utgåve av læreverket Stairs i engelsk. Øve på oppgåvetypar, og å løyse oppgåver digitalt. Vi har bestilt Multi smartøving for digitale oppgåver i matematikk.</p> <p>Resultat: Engelsk: Gjennomsnitt 48 Lesing: Gjennomsnitt 50 Rekning: Gjennomsnitt 51</p> <p>Vurdering: Vi har hatt eit godt resultat i forhold til å minke andel elevar i mestringsnivå 1 i rekning og lesing. Engelsk er framleis det som har lågast resultat. Det er færre elevar på mestringsnivå 3.</p>
Eksamen	Mål: Tiltak: Resultat: Vurdering:
Grunnskulepoeng	Mål: Tiltak: Resultat: Vurdering:

Kompetanseutvikling		
Tema	Etter- og vidareutdanning	Kommentar på korleis kompetanse ver brukt vidare
Leiar	Rektor: Samling med Fylkesmannen om §9a Trygt og godt skulemiljø Inspektør: Studietur til Shetland Ullprosjekt i Nordhordland SFO-leiar: Kurs i Oslo saman med andre SFO-leiarar i kommunen	Sikre utføring av aktivitetsplikt , leie endringsarbeid ved skulen Tverrfagleg samarbeid kunst og handverk, skuleutvikling trinn 1 – 13 og lokalt kulturliv Nettverksbygging, kvalitetsutvikling
Pedagogar	3 pedagogar har tatt vidareutdanning: master i spesialpedagogikk engelsk 30stp Spesialpedagogikk TL-seminar i Oslo , 2 lærarar Alle: Kurs; Trygt og godt skulemiljø §9a Seminar internt : om Asperger syndrom, utviklingsvansker og utfordringer i skulekvardagen Veiledning Zippy-programmet: Anerkjennande kommunikasjon Seminar internt : Rosa kompetanse; Om mangfold i	M.a. kompetanse i LOGOS – kartlegging Kunnskapsdeling, nye arbeidsmetodar Erfaringsdeling i personalet Godt arbeid for førebygging og gode tiltaksplaner God oppfølging av enkeltelevar ved betre kunnskap Tilsette får «same språk» og øver på å betre kommunikasjon med barna og vaksne

	seksualitet og kjønnsidentitet Veiledning Autismeteam	Respekt for det og dei som er annleis Spesifikk opplæring for enketlev, sikre gode planar og mål
Andre tilsette	Kurs; Trygt og godt skulemiljø §9a Veiledning Zippy-programmet: Anerkjennande kommunikasjon Veiledning Autismeteam	Tilsette får «same språk» og øver på å betre kommunikasjon med barna og vaksne

Vurdering av andre område	
Tema	
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)	Kommentar: PPT: Nytt av året er pedagogisk team. Har jobba både på systemnivå og individnivå. Helseteam. Skolen faller i midten mellom BUP og PPT. Skolen opplever at disse instansane nokre gonger skyver ansvaret over på kvarandre og at saker kan ta uforholdsmessig lang tid.
Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte)	Kommentar: Felles foreldremøte haust rundt Aspergers syndrom. Klassevise foreldremøte haust og vår. Utviklingssamtalar haust og vår, og møter med foreldre ved behov.
Arbeid i rådsorgana ved skulen	Kommentar (antall møter, tema m.m.): Elevråd: FAU: 4-5 møter, viktige saker: bruke budsjettmidlar til nytt lydanlegg til skulen, Følgje opp saker i skulemiljø, skuleveg, trafikksikring og befaring med teknisk avd. arrangere 17.mai , vurderer Elevundersøkinga. Skulemiljøutval: 2 møter, trivsels – og ordensreglement, trygt miljø og inspeksjon under byggeperiode, vurdering Elevundersøking og tal på varsling og tiltaksplanar etter §9a Aktivitetsplikta Samarbeidsutval: 2 møter , viktige saker: nytt trivsels – og ordensreglement aug 2017, trafikksikring, jubileumsfeiring og opningsfest nybygg i november

Skulefritidsordninga	
Tema	
Aktivitet og innhald	Kommentar: Årsplan med tema og vekeplan med ulike aktivitetar organisert på to avdelingar 1-2 trinn og 3-4 trinn. Gruppene har fast turdag i nærmiljøet, og fast aktivitetstid i gymsalen. Fysioterapeut har hatt grupper av barn med fysisk aktivitet kvar onsdag. Rullerande måltid med kryssliste over barna. Varm-mat ein gong i veka. Enkelte måltid vert organisert ute. Formingsaktivitet og bygge/teikne/spill-leik på musikkrommet og andre klasserom som elles blir brukt til 1-3 trinn.
Fysiske tilhøve	Kommentar: Brukar klasserom der 1-3 trinn er i skuletid. Elevane bruker same garderobeplass. Kjøkkenet, musikkrommet og gymsalen er andre viktige rom. Dei fysiske tilhøva er gode etter utbygginga.

Personalsituasjon	Kommentar: Vi har hatt god bemanning innanfor norm 1/16 barn, men har hatt ustabil situasjon og vikarar pga høg fråværsprosent. Det er særleg 1 barn som har behov for vaksenstøtte heile tida, og 2 andre barn som treng særleg tilpassing og i sfo.
Samarbeid SFO og skule	Kommentar: SFO-leiar og assistentar har delteke i gjennomføring av tiltak for Trygt og godt skulemiljø. Det har vore viktig. God dialog mellom sfo-leiar og kontaktlærarar 1.-3.trinn om oppfølging av enkeltbarn. Det er utfordrande å få til god overgang mellom skuletid og sfo-tid for å klare å ha oversikt, at barn blir registrert og sett. Det er utfordrande med barn som stikk av frå skuleområdet, og som treng tiltak med ekstra tilsyn.

Skulane sitt kontrollarbeid
Tema for kontroll på skulen (tilsyn, kontroll m.m.) Intern og eksternt
<p>Når: Postalt tilsyn Arbeidstilsynet, for to saker : Rektor meldte Arbeidstilsynet i mars 2018 etter AMU og personalsjef opplyste om det, men hendingane skjedde i 2017.</p> <p>Korleis: To tilsette opplevde trugslar og vald frå elevar, som førte til sjukemelding og varig påkjenning. Arbeidstilsynet bad om å få tilsendt dokument som dokumenterte oppfølging av dei tilsette, handlingsplan og tiltak for at hendingar ikkje skal skje igjen, og kommunen sine system og rutinar for slike avvik.</p> <p>Resultat: Godkjent .</p> <p>Når: Februar 2018 Tilsyn frå Lindås og Meland Brannvern</p> <p>Korleis: saman med rektor, drift og vedlikehald v/vaktmeister, prosjektleiar Ronny Landaas og ansvarleg for brannvern av kommunale bygg; Erik Knag Johannessen</p> <p>Resultat: Avvik som må rettast opp gjennom reklamasjonssaker frå byggeperioden.</p> <p>Tilsynsrapport med avvik. Krav om tilbakemelding innan 1.juni 2018 med handlingsplan for å rette avvik.</p> <p>Når: Ferdigbefaring av nybygg og ombygd areal. I november 2017 og mai 2018</p> <p>Korleis: Liste med reklamasjonssaker, ettersyn, viktig for avvik etter brannverntilsyn. Intern kontroll med jurist frå teknisk avdeling i mai med praksiselev som brukte rullestol. Kontroll av universell utforming.</p> <p>Resultat: God universell utforming. Noko gjenstår av tiltak frå reklamasjonsliste.</p>
Klager til Fylkesmannen
<p>Tema:</p> <p>Tal: 0</p> <p>Resultat:</p>
Risiko-område
<p>Tema: Vald og trugslar mot tilsette frå enkeltelevar</p> <p>Tiltak: kartlegging juni og september 2018, risikovurdering og handlingsplan</p> <p>Tema: Barn som stikk av frå skuleområde i skuletid og sfo-tid</p> <p>Tiltak: Ekstra tilsyn og gode rutinar. Godt førebudde tilsette,tema på planleggingsdag i august, og få inn rutine i KF-kvalitet i august 2018</p>

Dato: 21.08.2018 Underskrift rektor: Irene Hystad Hugaas